Utdanningsdirektoratet

# Sensorskulering
# Loen, 27.–28. april 2016

v/ Øystein Jetne, Utdanningsdirektoratet, Vurdering 1

# Disposisjon

- Nettstaden til Utdanningsdirektoratet, www.udir.no
- Karakterstatistikk frå våren 2015
- Rammer for skriftleg eksamen i norsk
- Oppgåvebestillingar – og nokre ord om sjangrar og skriveroller
- Vurderingsmatrisa

# www.udir.no









Utdanningsdirektoratet

## Vurderte eksamenssvar i norsk etter 10. trinn

Eksamenssvara er frå eksamen våren 2014.

På http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen-grunnskole/ finn du

- eksamensrettleiing med kjenneteikn på måloppnåing *
- førebuing til eksamen
- eksamensoppgåver

* Karakterane er grunngjevne ut frå kjenneteikn på måloppnåing, s. 9–10 i eksamensrettleiinga. Eksamensrettleiinga finst på bokmål og nynorsk.

**Elevsvar med vurdering og grunngjeving for karakter**
(Klikk for å få fram ei einskild vurdering eller eit einskilt elevsvar)

| NOR0214 norsk hovudmål | NOR0215 norsk sidemål |
|---|---|
| **Eksempel på karakter 2, bokmål**<br>Grunngjeving for karakter s. 2<br>Eksamenssvaret s. 4 | **Eksempel på karakter 1, nynorsk**<br>Grunngjeving for karakter s. 39<br>Eksamenssvaret s. 41 |
| **Eksempel på karakter 3, nynorsk**<br>Grunngjeving for karakter s. 9<br>Eksamenssvaret s. 11 | **Eksempel på karakter 2, nynorsk**<br>Grunngjeving for karakter s. 42<br>Eksamenssvaret s. 44 |
| **Eksempel på karakter 5, nynorsk**<br>Grunngjeving for karakter s. 13<br>Eksamenssvaret s. 15 | **Eksempel på karakter 3 (I) og (II), nynorsk**<br>Grunngjeving for karakter (I) s. 48<br>Eksamenssvaret (I) s. 50<br>Grunngjeving for karakter (II) s. 52<br>Eksamenssvaret (II) s. 54 |
| **Eksempel på karakter 5 (I) og (II), bokmål**<br>Grunngjeving for karakter (I) s. 19<br>Eksamenssvaret (I) s. 21<br>Grunngjeving for karakter (II) s. 25<br>Eksamenssvaret (II) s. 27 | **Eksempel på karakter 4, bokmål**<br>Grunngjeving for karakter s. 58<br>Eksamenssvaret s. 60 |
| **Eksempel på karakter 6, nynorsk**<br>Grunngjeving for karakter s. 31<br>Eksamenssvaret s. 33 | **Eksempel på karakter 6, nynorsk**<br>Grunngjeving for karakter s. 65<br>Eksamenssvaret s. 67 |
| Vi vil oppdatere tekstsamlinga med vurderte elevsvar slik at alle karakteruttrykka blir representerte i både hovudmål og sidemål – forhåpentleg etter eksamen våren 2015. | **Eksempel på karakter 6, bokmål**<br>Grunngjeving for karakter s. 72<br>Eksamenssvaret s. 74 |






# Karakterstatistikk, våren 2015

# Standpunkt- og eksamenskarakterar i norskfaget



# Standpunktkarakterar i norsk hovudmål og engelsk




Utdanningsdirektoratet

# Eksamenskarakterar i norsk hovudmål og engelsk



# Fordeling av karaktarene 5 og 6 våren 2015 (heile Noreg)




Utdanningsdirektoratet

## Kvifor er karakterfordelinga ulik ved skriftleg og munnleg sensur?

- Er det noko ved **skrivesituasjonen** som gjer at elevane ikkje får vist fram den norskfaglege kompetansen sin?
- Er det noko ved **oppgåvesettet** som gjer at elevane ikkje får vist fram den norskfaglege kompetansen sin?
- Er det noko ved **vurdringsmatrisa** som gjer at sensorane dett ned på låge karakterar?
- Er sensorane meir **profesjonelle** – og mindre **personlege** – ved skriftleg sensur enn ved munnleg sensur?

# Korleis er skrivesituasjonen til elevane på eksamensdagane?

## Kva er rammene for skriftleg eksamen i norsk?

- Elevane har éin førebuingsdag med tilgang til digtalt førebuingsmateriell. Førebuingsmateriellet skal vere til inspirasjon og til bruk som kjelder på eksamensdagane.
- Elevane har to eksamensdagar (NOR0214 og NOR0215, eventuelt NOR1415). Dei får fem timar til å skrive frå klokka 09.00, både på hovudmålsdagen og sidemålsdagen.
- Dei aller, aller fleste elevane brukar tekstbehandlingsprogram.

# Bruk av Internett ved skriftleg eksamen i norsk 2015

- Førebuingsmateriellet er nettbasert: Elevane skal ha tilgang til materiellet når dei skriv på eksamensdagane.
- Skulane må avgjere kva nettbaserte hjelpemiddel elevane skal kunne bruke på eksamensdagane. Dette gjeld berre om skulane kan isolere dei aktuelle IP-adressene. Elevane skal ikkje kunne samskrive, nettprate eller kommunisere på annan måte.
- For norsk er omsetjingsprogram ikkje tillatne.
- Sensorane kan bruke plagiatkontroll. Også ved eksamen i 2015 blir plagiat rekna som dårleg kjeldebruk.

# Nokre motsetningar mellom eksamensskriving og god skriveopplæring

**Skriving på eksamensdagen:**

- inga hjelp, få hjelpemiddel
- lita tid
- ferdigformulerte oppgåver: obligatoriske og oppgåver til val
- norsksensorar som mottakarar

**God skriveopplæring:**

- samskriving og samarbeid
- modellering av skrivestrategiar
- god tid
- arbeid med eksempeltekstar
- samtalar om samspelet mellom innhald, form og formål



# Kva ber vi om i oppgåvesetta ved skriftleg eksamen i norsk?

# Formålet med eksamen: Eleven skal vise kompetansen i faget

§§ 3-25 / 4-18

- Eksamen skal vere i samsvar med læreplanverket.
- Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget.

# Er vi einige om kva «norskfagleg kompetanse» er?

Læreplanen har fleire delar:

- Formålet med faget samanfattar kva som er fagkompetanse
- Tre hovudområde som utfyller kvarandre:
  - Munnleg kommunikasjon
  - Skriftleg kommunikasjon
  - Språk, litteratur og kultur



- Grunnleggjande ferdigheiter på premissane til faget – og med progresjon
- Kompetansemål – progresjon. Eksamensoppgåvene byggjer på måla opp til 10. trinn.

# Eksempel på oppgåve frå eksamen i norsk sidemål 2015

Introduksjon → «Metthetens nådegave», «Skolesekken taper mot designervesker», «Lunch» og «Nokpunktet» er tekstar som peikar på ulike sider ved det å oppfylle eigne behov og ønske.

Skriveoppdrag → **Kva skjer om mange ungdommar held fram i eit spor der «meg sjølv, mitt og behova mine» står i sentrum – korleis vil samfunnet då bli?**

**Skriv ein argumenterande tekst til Si ;D, debattsida for ungdom i Aftenposten. Du skal referere eller sitere frå ein eller fleire tekstar du har lese.**

«Styring» → **Lag ei overskrift som fengjer dei som les avissida.**

# Spørsmål stilt av førsteamanuensis Marthe Blikstad-Balas (UiO)

Kva sjangrar passar best i denne teksten?

Kva er EIGENTLEG formålet med teksten?

Skriv ein argumenterande tekst til Si ;D, debattsida for ungdom i Aftenposten. Du skal referere eller sitere frå ein eller fleire tekstar du har lese.

# Er sjangrane verkeleg ute av læreplanen?

«Sjanger blir brukt om lesing»

- lese og analysere et bredt utvalg tekster i ulike *sjangere og medier på bokmål og nynorsk og formidle mulige tolkninger (10.trinn)*
- bruke kunnskap om tekst, *sjanger*, medium og språklige virkemidler til å planlegge, utforme og bearbeide tekster *(Vg3)*

«Sjanger» blir brukt om skriving

- Skriving innebærer å uttrykke, bearbeide og kommunisere tanker og meninger i ulike typer tekster og sjangere *(Skriftlig kommunikasjon)*
- Å skrive i norsk er å uttrykke seg i norskfaglige sjangere på en hensiktsmessig måte. Det vil si å kunne skrive teksttyper som er relevante for faget. *(Skriving som GRF)*

# Hvilke endringer ser vi i kompetansemålene?

| | |
|---|---|
| Utgått plan: Spesifiserte sjangrar | • lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakpregede på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, fortelling, dikt, dramatekst og kåseri (10.trinn) |
| Gjeldande plan: Formål og skrivesituasjon | • skrive kreative, informative, reflekterende og argumenterende tekster på hovedmål og sidemål med begrunnede synspunkter og tilpasset mottaker, formål og medium (10.trinn) |
| Vg3: Norskfaglege sjangrar | • skrive kreative, informative og resonnerende tekster, litterære tolkninger og retoriske analyser på hovedmål og sidemål med utgangspunkt i norskfaglige tekster (Vg3) |

# Kor låste er vi til skrivehandlingane i oppgåveformuleringane?

Kompetansemål for 10. trinn:

«Det er eit mål at elevane skal kunne skrive ulike typer tekster etter mønster av eksempeltekster og andre kilder.»

Eksamensoppgåve frå hovudmålsdagen 2015:

**Oppgåve A2**

I førebuingsmateriellet har du lese to veldig korte tekstar (twitternoveller) av Frode Grytten. Twitternoveller fortel ei historie ved å bruke maksimalt 140 teikn.

**Skriv ein svært kort tekst som fortel ei historie. Temaet skal vere «svolt», i konkret eller overført tyding.**

# Oppgåvesett kan innehalde ulike oppgåvetypar:

- Tekstbaserte oppgåver (mest i A-delen til no)
- Innramma oppgåver (mest i B-delen til no)
- Nakne oppgåver (lite brukt dei siste åra)

Dei ulike oppgåvetypane måler litt ulike kompetansar.

# Eksempel på tekstbasert, innramma oppgåve:

Oppgåve A1

Studer vedlegget, bloggen på side 8.

Sara er ny bloggar og ønskjer råd om kva ho bør gjere for at bloggen hennar skal bli betre. Skriv ein samanhengande tekst der du gir henne respons på

- korleis dei estetiske verkemidla (for eksempel layout, val av bilete, skrifttype og fargar) fungerer i bloggen hennar
- om språket er godt og passar til det ho skriv om i bloggen
- om det er tatt omsyn til personvern og kjeldetilvisingar

## Kva skriveroller kan elevane velje - eller bli lokka inn i?

Hildegunn Otnes, professor i norskdidaktikk ved NTNU, skil mellom fire ulike skriveroller. Eleven kan posisjonere seg som ...

- ekspert
- fagforfattar
- samfunnsborgar
- empatikar



Kilde: Otnes, Hildegunn (red.): «Å invitere elever til skriving.» Fagbokforlaget (2015)

# Kva seier vurderingsskjemaet og matrisa om den norskfaglege kompetansen?

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kandidatnummer | Oppgåvenummer og overskrift, del A og del B | | | |
| Kriteria | Beskrivingar av eleven sin kompetanse (sjå matrise) | | | |
| Førsteinntrykk<br>• kommunikasjon med mottakar ut frå oppgåvene | | | | |
| Innhald og ev. bruk av kjelder<br>• svar på oppgåvene<br>• tekstforståing<br>• fagleg kunnskap<br>• innhald<br>• ev. kjeldebruk | | | | |
| Oppbygging<br>• tematisk samanheng<br>• struktur<br>• relevante skrivemåtar for teksttypen<br>• klart formål | | | | |
| Språk og stil<br>• språkføring i samsvar med innhald, formål, mottakar og medium<br>• fagspråk<br>• verkemiddel<br>• ordforråd<br>• setningsbygning<br>• tekstbinding | | | | |
| Formelle ferdigheiter<br>• ortografi<br>• teiknsetjing<br>• formverk<br>• oppgir kjelder dersom kjelder er brukte | | | | |
| Oppsummering med forslag til karakter | «Svært låg» kompetanse (1) | «Låg» kompetanse (2) | «Nokså god» (3)– «god» kompetanse (4) | «Mykje god» (5)– «framifrå» kompetanse (6) |
| | | | | |

# Vurderingsskjemaet

- Førsteinntrykk
- Innhald
- Oppbygging
- Språk og stil
- Formelle ferdigheiter
- Oppsummering

# Vurderingsmatrisa for NOR0214/NOR0215/NOR1415 våren 2016

| Hovud-område | Beskrivingar i forskrifta av karakterane | Karakteren 2 *uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.* | Karakteren 3 *uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.*<br><br>Karakteren 4 *uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.* | Karakteren 5 *uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.*<br><br>Karakteren 6 *uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.* |
|---|---|---|---|---|
| *Skriftleg kommuni-kasjon*<br><br>og<br><br>*Språk, litteratur og kultur* | Førsteinntrykk | Eksamenssvaret<br>• kommuniserer til ein viss grad som svar på oppgåvene | Eksamenssvaret<br>• kommuniserer som svar på oppgåvene | Eksamenssvaret<br>• kommuniserer tydeleg og presist som svar på oppgåvene |
| | Innhald og ev. bruk av kjelder | Eksamenssvaret<br>• har innhald som til ein viss grad er svar på oppgåvene<br>• viser noko forståing av innhaldet i tekstvedlegg, og bruk av kjelder når oppgåva ber om det<br>• viser noko fagleg kunnskap<br>• har innhald med ei viss utdjuping og utvikling | Eksamenssvaret<br>• har innhald som er relevante svar på oppgåvene<br>• viser ganske god forståing av hovudinnhald og detaljar i tekstvedlegg, og bruk av rele-vante kjelder<br>• viser bruk av fagleg kunnskap<br>• har eit innhald med utdjuping og utvikling | Eksamenssvaret<br>• har innhald som er relevante og sjølvstendige svar på oppgåvene<br>• viser nyansert forståing av hovud-innhald og detaljar i tekstvedlegg, og sjølvstendig bruk av relevante kjelder<br>• belyser tema ved hjelp av fagleg kunnskap<br>• har eit innhald med perspektiv, utdjuping og tydeleg utvikling |
| | Oppbygging | Eksamenssvaret<br>• har ein viss tematisk samanheng og formål<br>• har til ein viss grad struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå<br>• inneheld skrivehandlingar som til ein viss grad er tilpassa teksttype og formålet med tekstane | Eksamenssvaret<br>• har tematisk samanheng og etter måten eit klart formål<br>• har stor sett ein formålstenleg struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå<br>• inneheld skrivehandlingar som stort sett er tilpassa teksttype og formålet med tekstane | Eksamenssvaret<br>• har tydeleg tematisk samanheng og eit klart formål<br>• har ein klar og formålstenleg struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå<br>• inneheld skrivehandlingar som er mykje godt tilpassa teksttype og formålet med tekstane |

## Om innhald og eventuell bruk av kjelder (karakterane 3 og 4)

### Eksamenssvaret

- har innhald som er relevante svar på oppgåvene
- viser ganske god forståing av hovudinnhald og detaljar i tekstvedlegg, og bruk av relevante kjelder
- viser bruk av fagleg kunnskap
- har eit innhald med utdjuping og utvikling

# Om tekstoppbygging (karakterane 3 og 4)

## Eksamenssvaret

- har tematisk samanheng og etter måten eit klart formål
- har stor sett ein formålstenleg struktur både på avsnittsnivå og tekstnivå
- inneheld skrivehandlingar som stort sett er tilpassa teksttype og formålet med tekstane

# Vurderingsmatrisa for NOR0214/NOR0215/NOR1415 våren 2016

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| *Skriftleg kommuni-kasjon*<br><br>og<br><br>*Språk, litteratur og kultur* | Språk og stil | Eksamenssvaret<br>• har forståeleg språkføring stort sett tilpassa innhald, formål, mottakar og medium<br>• har innslag av fagspråk og språklege verkemiddel<br>• viser eit enkelt eller lite variert ordforråd<br>• har forståeleg setningsbygning og enkel tekstbinding | Eksamenssvaret<br>• har språkføring som stort sett er tilpassa innhald, formål, mot-takar og medium<br>• viser ganske god bruk av fagspråk og ulike språklege verkemiddel<br>• viser stort sett eit relevant og variert ordforråd<br>• har variert og stort sett korrekt setningsbygning og tekstbinding | Eksamenssvaret<br>• har gjennomført og god språk-føring tilpassa innhald, formål, mottakar og medium<br>• viser mykje god bruk av fagspråk og språklege verkemiddel<br>• viser eit relevant, presist og variert ordforråd<br>• viser at eleven meistrar variert setningsbygning og ulike former for tekstbinding |
| | Formelle ferdigheiter | Eksamenssvaret<br>• har korrekt ortografi i høgfrekvente ord og teiknsetjing som er nød-vendig for kommunikasjonen<br>• viser korrekt bruk av dei mest sentrale reglane i formverket<br>• viser til einskilde kjelder som er brukte, anten integrert i svaret eller i ei kjeldeliste | Eksamenssvaret<br>• har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing<br>• viser stort sett korrekt bruk av reglane i formverket<br>• viser at eleven stort sett kan integrere, referere, sitere og oppgi kjelder som er brukte, på ein etterprøvbar måte | Eksamenssvaret<br>• har korrekt ortografi og variert og funksjonell teiknsetjing<br>• viser med få unntak korrekt bruk av reglane i formverket<br>• viser at eleven kan integrere, referere og sitere kjelder som er brukte, på ein etterprøvbar måte |

# Om språk og stil (karakterane 3 og 4)

## Eksamenssvaret

- har språkføring som stort sett er tilpassa innhald, formål, mottakar og medium
- viser ganske god bruk av fagspråk og ulike språklege verkemiddel
- viser stort sett eit relevant og variert ordforråd
- har variert og stort sett korrekt setningsbygning og tekstbinding

# Om formelle ferdigheiter (karakterane 3 og 4)

## Eksamenssvaret

- har stort sett korrekt ortografi og teiknsetjing
- viser stort sett korrekt bruk av reglane i formverket
- viser at eleven stort sett kan integrere, referere, sitere og oppgi kjelder som er brukte, på ein etterprøvbar måte

# Om formelle ferdigheiter (karakterane 5 og 6)

## Eksamenssvaret

- har korrekt ortografi og variert og funksjonell teiknsetjing
- viser med få unntak korrekt bruk av reglane i formverket
- viser at eleven kan integrere, referere og sitere kjelder som er brukte, på ein etterprøvbar måte

# Ny formulering om forventningane til sidemålskompetansen

Sensorane kan «forvente at elevene meistrar hovudmålet sitt noko betre enn sidemålet».

# Føringer for utformingen – eksamensveiledning vs. eksamensoppgave

**Praktisk informasjon om formatet på eksamenssvarene**

| | |
|---|---|
| Topptekst: | fagkode, elevnummer og navn på skole |
| Bunntekst: | sidetall og totalt antall sider |
| Font og skriftstørrelse: | Arial, Times New Roman eller Calibri i brødtekster og str. 12 |
| Linjeavstand: | 1,5 |
| Oppgavenummer: | skrives inn i eksamenssvaret, f.eks. A1 og B3 |

Standard for brødtekstar er skriftstorleik 12 og linjeavstand 1,5. (Arial, Calibri og Times New Roman er lett leselege.)

Å presentere fagstoff, å bruke estetiske verkemiddel og å utforme tekstar er ein del av kompetansekrava i norskfaget. Innanfor oppgåverammene vel du sjølv korleis du best kan vise mottakarmedvit og få fram formålet med tekstane dine.

## Vurderingsmatrisa byr på nokre utfordringar:

1. Den same vurderingsmatrisa gjeld for fleire oppgåver og fleire ulike oppgåvesett: Heng oppgåvene og matrisa godt nok saman? Fangar matrisa godt nok opp kvalitetane i tekstane?

2. Dei fleste kjenneteikna i matrisa gjeld for to talkarakterar samstundes («3 og 4» og «5 og 6»): Er sekkane for store? Er formuleringane for svevande – eller kanskje for strenge?

3. Matrisa endrar seg lite frå trinn til trinn i skulesystemet: Kva legg vi i formuleringane når vi vurderer tiandeklassingar til eksamen?

**Endå viktigare blir det at sensorane diskuterer elevtekstar saman med vurderingsmatrisa og utviklar eit tolkingsfellesskap!**

# Korleis kan vi sikre oss høg kvalitet på arbeidet til sensorane?

## Som sensor må du ...

- kjenne til rammeverket for eksamen: forskrift til opplæringslova og læreplanen
- bruke eksamensrettleiinga for 2016
- grunngi karaktarene med utgangspunkt i kjenneteikn på måloppnåing
- vere lojal mot tolkingsfellesskapet
- gå inn i rolla som advokat for eleven

# Utdrag frå vurderersamtale om elevtekst (1)

**Tom:** Så er det setningsstrukturen.

**Trude:** Ikke mye feil der.

**Tom:** Nei, han har-. Teksten er koherent. «Det er en viktig innsats som kan styrke-,» «I tillegg til at-,» Ja, den er faktisk-, Den delen refererer til-, og den delen refererer til denne.

**Trude:** Mhm. Så dette er temmelig rett frem.

**Tom:** Så han har faktisk kohesjon. Han har bedre kohesjon enn jeg så først.

**Trude:** Så er det M3 da, kanskje?

**Tom:** Ja, fordi han har setningskoblere og avsnittskoblere faktisk.

**Trude:** Mhm. Men mangler innhold.

**Tom:** Ja, ikke mange har kohesjon mellom avsnittene.

**Kjelde: Lennart Jølle (2016). *Tekstvurdering og skriveprøven*. I Bedre skole 1-2016 (s.)**

# Utdrag frå vurderersamtale om elevtekst (2)

**Tone:** Alt i alt så synes jeg dette er som forventet. Han bruker ikke mange kompliserte ord, egentlig.

**Anne:** I min syvendeklasse ville han vært langt over gjennomsnittet.

**Tone:** Ja?

**Anne:** Ja. Etter min oppfatning er rettskriv-ingen her bedre enn det som kan forventes.

**Tone:** Da markerer vi at det er bedre enn forventet, da.

Kjelde: Lennart Jølle (2016). *Tekstvurdering og skriveprøven*. I Bedre skole 1-2016 (s.)

# Utdrag frå vurderersamtale om elevtekst (3)

**Kåre:** Men spørsmålet er hvor alvorlig slike kommafeil er.

**Stine:** Men hun er på vei ….

**Ragnhild:** Hva sier vurderveiledningen om dette?

**Kåre:** Den sier at det er å forvente at eleven kan bruke komma både mellom helsetninger og etter foranstilt leddsetning.

**Stine:** Ja, det er riktig

**Kåre:** Så, kanskje er hun litt under da?

**Ragnhild:** Ja.

# Korleis kan vi oppnå mest mogleg påliteleg vurdering?

## Kva skal vi vurdere?

- Eksamenssvaret!
- Sjå etter den kompetansen som eleven faktisk viser.
- Sensoren skal vurdere kompetansen til eleven slik han kjem til uttrykk på eksamen.

## Korleis vurdere?

- Bruk vurderingsskjemaet
- Skap tolkingsfellesskap

# Tidsplan

1515: Vi les tekst A og tekst C (Hopp over Mil4)

1600: Kaffi, te og rundstykke

1630: Tekstdiskusjonar på gruppene

1700: Diskusjon i plenum

1810: Diskusjon om tekst F og H

Etterpå: Nye tekstar og diskusjonar framover mot 1830.

# Tidsplan

0830: Vi les og diskuterer dei to E-tekstane, ein i kvart hefte (NOR0214)

0905: Vi diskuterer dei to E-tekstane i plenum

0930: Vi les og diskuterer to NOR0215-tekstar i grupper, tekst G og tekst K

Utsjekk + kaffi,te og frukt

1040: Vi diskuterer tekst G og K i plenum

1105: Vi les og diskuterer tekst R på grupper (klagesensur)

1130: Vi diskuterer tekst R i plenum

1145: Oppsummering v/Annhild Lorentzen

Utdanningsdirektoratet

oje@udir.no